

Ole Bull Akademiet (OBA) –vekeskurs praktisk informasjon til studentar

Opphald

På Ole Bull Akademiet bur du på to- eller tresengersrom. Kwart rom har bad og har sengekle og handkle (skifte onsdag).

Det er diverre ikkje tillate med hund på akademiet.

Parkering skjer på offentleg plass utanfor akademiet. Betaling på parkeringsautomat (kr 40,- per døgn/kr 15,- per time – **OBS!** Aktive parkeringsvakter)

NB! INNKVARTERING PÅ AKADEMIET KAN SKJE ETTER KL. 21.00 SUNDAG KVELD. KURSET VERT AVSLUTTA FREDAG KL 12:00.

Mat

Inkluderer frukost, lunsj(matpakke) og middag(ikkje fredag). I tillegg enkel kveldsmat måndag, tysdag og torsdag.

*Har du gluten- eller laktoseintoleranse, evt vegetar, må me få beskjed om det på førehand.
Dei som leverer maten har diverre **IKKJE** mulegheit til å servera anna spesialmat.*

Ver og føre

Voss har ofte variert ver. Ta med varme kle, regnkle og gode utesko. Vi har tur til Voss Folkemuseum med omvising i gamle hus der det ofte er ganske kaldt.

Danseundervisning

Kurset inneheld ein god del dans. Ta med sko som er gode å danse i, innesko med glatt såle og ikkje for høge hælår. (NB! Ikkje sko som gir svarte merke på golvet). Du blir varm i dansetimane, så du treng sikkert nokre ekstra T-skjorter, evt. treningskle. Det er 5-6 danseøkter i løpet av veka.

Huskonsert

Kurset har på torsdag kveld kveldssete, som inneheld huskonsert, stevtevling og dans. På huskonserten framfører studentane sin eigen musikk for kvarandre. Ta med instrument og notar om du treng det til denne konserten.

Øvingsrom

Det er fleire øvingspiano på huset, to av desse av god kvalitet (eitt akustisk og eitt elektronisk). Konsertflygelet kan diverre ikkje nyttast til øving.

Butikk

Vi har eigen butikk med div. artiklar for sal; CD, folkemusikkklitteratur, hardingfelestrenger, feleskrin m.m.

- Seljefløyte (F) (Magnar Storbekken) kr 360,-
- Vårfløyte (D) (Steinar Ofsdal) kr 900,-
- Munnharpe (G) kr 350,-

Kontaktadresser

Telefon til Ole Bull Akademiet er 56 51 65 00. E-post: oba@olebull.no

Kontaktpersonar er Sissel Lie eller Jo Asgeir Lie.

Timeplan ligg på våre heimesider – www.olebull.no

Vi vonar du får ei hyggeleg og lærerik veke på Voss!

VEL MØTT!

**Beste helsing
Ole Bull Akademiet**